



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

RETNINGSLINER FOR STØTTE TIL

DRIFT MED TAUBANE, HEST O.A.

OG

SKOGSVEGBYGGING



Fastsette av Fylkesmannen med heimel i "forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket", sist revidert 12.03.2015 og gjeldande frå 1. april 2015.

Kontaktadresser:

- Landbruksforvaltninga i kommunane
- Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Lagårdsvegen 44, Postboks 59 Sentrum, 4001 Stavanger. E-post: fmropost@fylkesmannen.no

Tlf. 51 56 87 00 Telefaks: 51 52 03 00

1. INNLEIING	3
1.2 BAKGRUNN	3
1.3 STATUS OG BEHOV	3
1.4 FORVALTNINGA AV TILSKOTSORDNINGA	4
2. LOV OG FORSKRIFTSGRUNNLAG.....	5
3. TILSKOT TIL DRIFT MED TAUBANE, HEST O.A.....	5
3.1 FORMÅL	5
3.2 VIRKEOMRÅDE.....	6
3.3 VILKÅR M.M.....	6
3.3.1 Vilkår.....	6
3.3.2 Avgrensingar.....	6
3.4 TILSKOTSSATSAR MV.	7
3.4.1 Generelt.....	7
3.4.2 Arealklasse taubaneterreng.....	7
3.4.3 Nærare om vilkår for driftstilskot.....	7
3.4.4 Driftstilskot pr. m ³ for lang terrengtransport av lauv	7
3.5 SØKNAD OG SAKSHANDSAMING	8
3.5.1 Ordinær søknad.....	8
3.5.2 Førehandsgodkjenning på drifter over 25 dekar.....	8
3.5.3 Utbetaling.....	8
3.5.4 Tilbakebetaling.....	8
3.5.5 Kontroll	9
3.5.6 Dispensasjon og klage.....	9
3.5.7 Ikraftsetjing	9
4. TILSKOT TIL BYGGING AV SKOGSVEGAR	9
4.1 FORMÅL OG VIRKEOMRÅDE	10
4.2 KRAV TIL VEGANLEGG, EIGARAR M.V.	10
4.3 KRAV TIL PLANLEGGING	10
4.4 TILSKOT	11
4.4.1 Fordelingsrutine.....	11
4.4.2 Prioritering.....	11
4.4.3 Tilskotsgrunnlag.....	12
4.4.4 Tilskotssatsar.....	12
4.4.5 Særlege omsyn.....	12
4.5 VILKÅR FOR TILSKOT	12
4.5.1 Vegvedlikehald	12
4.5.2. Atterhald om bruk av vegen.....	12
4.5.4 Særlege vilkår.....	13
4.6 SØKNAD OG SAKSHANDSAMING	13
4.6.1 Søknad.....	13
4.6.2 Rekneskap.....	13
4.6.3 Tilsyn og kontroll.....	13
4.6.4 Byggjeperioden.....	14
4.6.5 Utbetaling.....	14
4.6.6 Tilbakebetaling.....	14
4.6.7 Dispensasjon og klage.....	14
4.6.8 Ikraftsetjing	14



1. Innleiing

1.2 Bakgrunn

Det skogpolitiske målet om å utnytte skogressursane vesentleg betre gjennom aktiv og rasjonell drift ligg fast. Sentrale og lokale styringsdokument som byggjer opp under dette er:

- Kystskogmeldinga (2008)
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland (2009)
- Regionalplan landbruk (2011)
- St. meld. 9 om landbruks – og matpolitikken (2011-2012)
- St.meld. nr. 21 ”Klimameldinga” (2011-2012)
- St.meld.nr.39 ”Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen” (2008- 2009)
- Klimakur 2020 (2010)
- Regionalplan energi og klima (2010)

Rogaland utnyttar i dag om lag 25 % av tilveksten på 500 000 m³ årleg. Det er i hovudsak gran som blir hogd, dvs. over 80 % av all hogst. Ny fylkestakst frå Skog og Landskap viser eit balansekvantum for gran i perioden 2007 – 2017 som ligg rundt 60 000 m³ når vi ser vekk frå tynningsvolumet som ligg inne i desse prognosane. Det betyr at vi i dag er i ein situasjon med kraftig overavverking av gran i fylket. Dette blir forsterka ved at hovudtyngda (70 %) av granhogsten skjer i hogstklasse 4 eller yngre.

Hovudutfordringa er difor å vri hogsten over i furu- og lauvskogen i påvente av at grana blir hogstmoden. Dette vil også frigjere gode bonitetar til produksjon av kvalitetsskog, noko som minst vil femdoble skogproduksjonen på desse areala.

Men med mindre ressursar per arealeining kombinert med dårlegare betalte kvalitetar, er det ofte utfordrande å få til ein akseptabel økonomi i furu- og lauvskoghogst.

For å utløyse større aktivitet, auka hogst og investeringslyst, er rasjonell tilkomst til skogareala viktig. Optimale vegløysningar er også avgjerande for økonomien i bruk av taubane.

Med dette bakteppe vil vi gjennom tilskotsordninga til skogsvegar og taubane ha hovudfokus på å legge til rette for aktiv drift på skogareal med stort potensiale for auka skogproduksjon.

1.3 Status og behov

Rogaland har svært gode føresetnader for skogproduksjon. Den gjennomsnittlege produksjonsevna er dobbelt så høg samanlikna med innlandsskogbruket. Det betyr i praksis at vi kan produsere same mengde trevirke på berre halvparten av arealet. Ved maksimal utnytting av markas produksjonsevne ved bruk av høgytande treslag, har over 55 % av det produktive skogarealet (770 000 daa) ein bonitet G17 eller betre (tal frå ny fylkestakst).


Tilkomsten til skogareala i kystfylka, målt i meter skogsbilveg per hektar, er under halvparten samanlikna med innlandsskogbruket. I tal er skogsbilvegdekninga i Rogaland på 5 m/ha, medan dei store skogfylka har over 10 m/ha med skogsbilveg.

Rogaland er eit typisk traktorvegfylke (sjå figur under), og det vil framover vere størst behov for ombygging av traktorvegar og nyanlegg av skogsbilvegar for å sikre ei rasjonell og framtidsretta hausting og fornying av skogressursane. Når arbeidet med hovudplanar for skogsvegar er avslutta, vil vi få oppdaterte tal på vegbyggingsbehov. Gamle planar viser skogsbilvegbehov på om lag 10 km nyanlegg og 10 km ombygging årleg i første tiårsperiode. I tillegg kjem utbygging av traktorvegar.

Vegbyggingsaktiviteten dei siste 10 åra ligg langt under vurdert behov – sjå figur under.

Rogaland har også eit krevjande areal med stor del bratt og vanskeleg terreng. Bratt terreng krev ein større vegtettleik enn område med lett terreng. For å utnytte ressursane i det bratte og vanskelege terrenget vil ein også vere avhengig å ta i bruk taubane.

Tal frå ny fylkestakst (Skog og Landskap) viser at store delar av den hogstmodne skogen i fylket står relativt langt frå veg, og i bratt og vanskelege terreng. 54 % av volumet med hogstmoden skog står på areal med vanskelege driftsforhold med stigning over 33 %. 55 % av hogstmodent volumet (H.kl. 5) står lengre enn 500 meter frå nærmaste bilveg.



1.4 Forvaltninga av tilskotsordninga

Forvaltning av tilskota til vegbygging og drift med taubane, hest o.a. blei frå 01.01.2007 flytta frå kommunen tilbake til Fylkesmannen. Endringane blei gjort meir smidig og målretta gjennomføring av større vegprosjekt. Dei beste vegprosjekta vil no kunna få tilskot uavhengig av kommunegrenser. Kommunen sitt ansvar er å arbeide og motivere fram gode prosjekt og førebu sakene.

Fylkesmannen har også ansvar for utarbeiding av retningslinjer for forvaltning av desse to tilskotsordningane - vegbygging og drift med taubane, hest o.a.

2. Lov og forskriftsgrunnlag

”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket” blei fastsett av Landbruks- og matdepartementet 4. februar 2004 med heimel i lov 27. mai 2005 nr.31 om skogbruk (skogbrukslova). Forskrifta blei sist endra 18. desember 2006.

I § 3. *Administrasjon, vedtak og vilkår*, heiter det: ”*Vedtak om tildeling av tilskudd etter § 5 og § 7 i denne forskrift fattes av Fylkesmannen.....*”. § 5 og § 7 omfattar tilskot til drift med taubane, hest o.a. og tilskot til skogsvegbygging. Endringa gjeld frå 01.01.2007 og gjer i praksis at tilskotsforvaltninga på desse områda blir lik den som eksisterte fram til og med 2003.

I den nemnte § 3 heiter det vidare:

” Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt ”.

Naturmangfaldlova

For alle skogsvegar er vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8- 12 allereie vurdert i samband med handsaming etter landbruksvegforskrifta.

For alle hogsttiltak er det generelt ingen krav om behandling etter naturmangfaldlova og vurdering av dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12. Det er gjeldande miljøkrav nedfelt i skogbrukslova og tilhøyrande ”*Forskrift om bærekraftig skogbruk*” som gjeld for alle hogsttiltak uavhengig av driftsstøtte. I ”*berekraftforskrifta*” blir det blant anna vist til at alle hogstar skal gjennomførast i tråd med Levande skog sin ”*Standarder for eit bærekraftig skogbruk*”.

Dei følgjande retningslinjer er utarbeida og fastsette av Fylkesmannen etter samarbeid med kommunane og næringa, representert ved Vestskog SA og Norskog. Retningslinjene byggjer elles på ”*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*” og tilskotsbehandlinga må samsvara med denne.

3. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

Det er § 7 ”*Tilskudd til drift med taubane, hest o.a.*” i Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket som heimlar denne tilskotsforvaltninga med følgjande ordlyd:

”Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de føre-var-tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder”.

3.1 Formål

Formålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom bærekraftig utnytting av virkesressursane i vanskeleg skogsterreng i tråd med gjeldande skogpolitikk.

3.2 Virkeområde

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar.

Tilskot kan givast ved avverking på areal der det blir brukt kabelkran, eller slepebane. Bruk av løypestreng og hest er også omfatta av ordninga.

Det kan også givast tilskot til skogsdrifter der driftskostnadene er spesielt høge på grunn av lang terrengtransport.

3.3 Vilkår m.m.

3.3.1 Vilkår

Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre givast når drifta blir gjennomført slik at det blir tatt omsyn til skogområda sine funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.

Tilskot kan berre givast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I område utan MiS-registreringar, skal det gjennomførast føre-var-tiltak som er nedfelt i Levande Skog sine standardar.

Det er eit krav om at arealet blir tilfredstillande forynga etter hogst; jf. § 6 i skogbrukslova og *Forskrift om bærekraftig skogbruk*.

3.3.2 Avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når:

- det ligg føre eit føremålstenleg og rasjonelt driftsopplegg som gir høve for framtidig drift og skjøtsel av driftsområdet og dei tilstøytande områda.
- drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal *ikkje* givast tilskot:

- til hogst av gran med lågare totalalder enn det som går fram av tabellen under:

Bonitet	Lågaste totalalder
G23 og betre	65 år
G20	75 år
G17	85 år
G14	90 år

- dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde; jf. «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», fastsett av Landbruksdepartementet 20. desember 1996.
- i vernskog utan at hogsten er gjennomført i samsvar med dei fastsette retningslinene for forvaltning av vernskogen som gjeld for området.

- til drifter som vanskeleggjer forynging på avverka areal og eventuelle tilstøytande område.
- til område som skal brukast til andre formål enn skogproduksjon.
- dersom det er stor fare for kjøreskadar og erosjon ved bruk av spesilautstyr (Highlander) i kombinasjon med lekter

3.4 Tilskotssatsar mv.

3.4.1 Generelt

Tilskot til drift i vanskeleg terreng kan givast som driftstilskot i kroner per fastkubikkmeter.

Tilskotet er avgrensa til salsvirke av bar- og lauvtre, inkludert energivirke, som blir drive fram for sal.

Alle kvantumsoppgåver skal givast opp under bork, med unntak av energivirke som skal givast opp *med* bork. Kvantum og treslagsfordeling må kunna dokumenterast for det aktuelle arealet.

3.4.2 Taubaneterreng

Taubaneterreng er her definert å omfatte areal der terrengvanskane er så store at virket *ikkje* kan drivast fram etter ordinær driftsmetode, dvs. at bruk av slepebane, kabelkran, eller løypestreng er nødvendig.

Følgjande tilskotssatsar gjeld:

- Banelengde under 150 m: **40 kr/fm³ for gran, 90 kr/fm³ for furu og 100 kr/fm³ lauv**
- Banelengde over 150 m: **80 kr/fm³ for gran, 180 kr/fm³ for furu og 200 kr/fm³ lauv**
- For bruk av lekter påmontert taubane, eller bruk av lekter i kombinasjon med spesialutstyr (Highlander): flate satsar på: **80 kr/fm³ for gran, 180 kr/fm³ for furu og 200 kr/fm³ lauv**

Fastsetting av banelengde (lunnedistanse) skal vurderast ut frå den mest optimale vegløysinga og beste plasseringa av standplass i området.

3.4.3 Driftstilskot pr. m³ for lang terrengtransport av lauv og furu

I område der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje veg, og kor drift kan bli *særleg kostbar* på grunn av lang terrengtransport kan det utbetalast driftstilskot på **kr. 50,-/fm³** til lauvdrifter over 50 fm³, der terrengtransporten er over 500 meter. For furudrifter over 100 fm³ og der terrengtransporten er over 500 meter, kan det utbetalast eit driftstilskot på **kr. 25,-/fm³**.

3.4.4 Drift med hest

Det kan givast tilskot for bruk av hest med ein flat sats på **100 kr/m³**.

3.4.5 Nærare om vilkår for driftstilskot

Avverkingensarealet må vera over 3 dekar og ha eit ståande volum på minst 4 m³/dekar. Fylkesmannen kan likevel dispensera frå dette volumkravet ved utdrift av skjermstilling o.l.

3.5 Søknad og saksbehandling

3.5.1 Førehandsgodkjenning

Alle som søker tilskot til drift med av taubane, hest o.a. må ha førehandsgodkjenning av Fylkesmannen. Søknad på skjema SLF-916 med vedlagt detaljkart 1:5000 og oversiktskart med innteikna planlagt hogstareal, miljøregistreringar og skogsvegar i området skal sendast til kommunen. Kommunen førebur saka, dvs. vurdere den planlagde hogsten ut frå omsyn nemnt i § 3.3.1 og 3.3.2, og sender vurderingane m.m. over til Fylkesmannen for vedtak.

Følgjande vedlegg skal leggjast ved søknad om førehandsgodkjenning:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS).
- I område utan MIS-registreringar skal det leggjast ved dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardarar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar).
- Oversiktskart

Ved bruk av lekter og bruk av hjulgåande spesialutstyr (Highlander) skal eventuelle miljømessige konsekvensar med tanke på kjøreskadar og fare for erosjon vurderast særskilt. Desse vurderingane skal gå fram i oversendinga av førehandsgodkjenninga frå kommunen til Fylkesmannen.

I samband med førehandsgodkjenninga skal foryngingstiltak vere avklart og gå fram av dokumenta som sendast over til Fylkesmannen. Areal (frå AR5) med høg bonitet eller betre skal foryngast ved planting.

3.5.2 Søknad

Søknad om tilskot til drift med taubane, hest o.a. skal skrivast på skjema **SLF-916** (same som for førehandsgodkjenning) og ha kartvedlegg som viser det endelege driftsområdet. Søknadsskjemaet skal ha underskrift av skogeigaren, og sendast til kommunen seinast 2 månader etter at drifta er avslutta.

Det skal gå fram av søknaden at kommunen har vore ute i felt og godkjent/kontrollert gjennomføringa av drifta. Søknad om tilskot til drift med taubane, hest o.a. blir deretter sendt Fylkesmannen for avgjerd og utbetaling.

3.5.3 Utbetaling

Fylkesmannen utbetaler tilskotet til søker. Tilskotet skal betalast direkte ut til skogeigar.

3.5.4 Tilbakebetaling

Tilskot kan krevjast heilt eller delvis tilbakebetalt dersom føresetnadene for tilskot ikkje er oppfylt. Beløp som skal tilbakebetalast kan også trekkjast inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet; jf. § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

3.5.5 Kontroll

Kommunen skal etter at drifta er avslutta kontrollere at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i desse retningslinene, førehandsgodkjenninga, og at dei oppgåver som går fram av søknaden er korrekte.

Fylkesmannen skal minimum kontrollera 10 % av alle taubanedrifter med tilskot. Dei som søker om tilskot er forplikta til å gi dei opplysningar og akseptera dei kontrolltiltak som skogbruksstyresmaktene bestemmer.

3.5.6 Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå desse retningslinene, og vedtak gjort i medhald av desse retningslinene og "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" kan påklagast etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltningssaker (forvaltningslova); jf. § 11 i Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

3.5.7 Ikraftsetjing

Desse retningslinene er sist revidert 12.03.2015 og gjeld frå 1.april 2015.

4. Tilskot til bygging av skogsvegar

Det er "§ 5 "Tilskudd til veibygging" i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" som heimlar denne tilskotsforvaltninga med følgjande ordlyd:

"Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.

Det skal ikke gis tilskudd til bygging av permanente veier som fører til reduksjon av «villmarkspregede områder», dvs. områder som ligger mer enn 5 km i horisontal avstand fra eksisterende tekniske inngrep.

Det kan bare gis tilskudd til veier som er godkjent etter den til enhver tid gjeldende forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål, eller etter plan- og bygningslovens bestemmelser. Det er videre et vilkår at veien blir bygd i samsvar med gjeldende normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, fastsatt av Landbruks- og matdepartementet. Samarbeidstiltak bør prioriteres.

Før anleggsarbeidet settes i gang skal det foreligge en byggeplan som kommunen har godkjent.

Det er et krav at veien blir vedlikeholdt til den standard som den opprinnelig ble bygd.

Tilsatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd"

4.1 Formål og virkeområde

Formålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane. Dette skjer ved å leggja tilhøva til rette for transport av tømmer ut av skogen, og ved å letta tilkomsten og gi høve for rasjonell skjøtsel og drift.

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar.

Det kan givast tilskot til overordna vegplanlegging.

4.2 Krav til veganlegg, eigarar mv.

Vegen må ha ein standard som er tilfredstillande for den aktuelle bruk og skal byggjast etter gjeldande normalar for skogsvegar fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen.

Vegstandarden må avpassast vegplan for det aktuelle området. Veglinja skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen; jf. «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», fastsett av Landbruksdepartementet 20. desember 1996. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgitt i søknaden.

Grunn til veganlegget og eigna areal for virkeslevering må vera sikra.

Dersom det er større fellesanlegg skal det vera skipa veglag (vegforening) med eit ansvarleg styre. Fordeling av kostnadene for anlegget og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot utbetalast.

Alt vegarbeid skal skje i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter som gjeld innan dekningsområdet for vegen. Det skal ikkje gjevast tilskot til vegar som medfører reduksjon av ”villmarksprega område”.

4.3 Krav til planlegging

Vegtrasé og linjeføring skal innpassast i vegplanen for området, og ein skal under planlegginga ta omsyn til friluftsliv og naturmiljø; jf. skogbrukslova § 1. Samstundes skal veganlegget sikra høve for rasjonell drift innan dekningsområdet for vegen.

Det skal utarbeidast ein byggjeplan med kostnadsoverslag og ein omtale av vegen som skal godkjennast av kommunen. Fylkesmannen skal ha kopi av byggjeplanen.

Byggjeplanar som har verknad for andre styresmakter må leggjast fram for eller utarbeidast i samråd med vedkommande styresmakt. Plan for veg som går ut frå offentleg veg, og leveringsplassar som blir bygde nær offentleg veg, må difor leggjast fram for Statens Vegvesen for godkjenning.

Ein byggjeplan skal omfatta:

Senterlinje

Vegen si senterlinje skal vera stukken i marka og dokumentert. Det bør vere sett ut referansepunkt som gjer det mogleg å rekonstruera senterlinja.

Kart

Vegen si plassering skal visast nøyaktig på detaljert kart i målestokk 1:10 000 eller større. I tillegg skal eksisterande vegar og nytteområde gå fram av kartet.

Lengdeprofil

Ein byggjeplan skal normalt innehalde lengdeprofil, men for vegar utan kritiske stigningsforhold kan det gjerast unntak.

Tverrprofilar og masseutrekning

Større veganlegg som medfører vesentlege masseflyttingar bør massebereknast, og det bør difor utarbeidast tverrprofilar. For mindre anlegg kan det gjerast unntak, eventuelt avgrensa til kritiske punkt på vegen.

Arbeidsbeskriving

Det skal utarbeidast ei arbeidsbeskriving. Innhaldet i denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og behova for å omtale ulike forhold på kvart enkelt anlegg.

Kostnadsoverslag og mengdeoversikt.

Som grunnlag for kostnadsoverslag og anbod bør det setjast opp ei mengdeoversikt. Denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og skjema "Anbod for utførelse av skogsveganlegg" og "Normalkontrakt for utførelse av skogsveganlegg" utgjeve av Landbruks- og matdepartementet.

Elles skal opplysningar og registreringar som er nødvendige for vurdering av tilskot m.m. komma klart fram; jf. søknadsskjema SLF-903 B.

4.4 Tilskot

4.4.1 Fordelingsrutine

Innafor den løyvinga over statsbudsjettet som er avsett til skogsvegar, har Fylkesmannen ansvaret for tildeling til det enkelte veganlegg, - i samsvar med forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket og desse retningslinene.

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogsvegar der anleggskostnadene er under kr. 30.000. Det vert heller ikkje gjeve tilskot til "Enkle vegar" og "vegklasse 8".

4.4.2 Prioritering

Alle vegar som det blir søkt offentleg støtte til, skal vurderast ut frå dei kriteria som går fram av Landbruks- og matdepartementet sitt skjema M-016, «Retningslinjer for deling av statstilskudd til skogsveier». Følgjande vegar har prioritet:

- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal
- Vegar som medverkar til aktiv utnytting av furu og lauvskog for å sikre god råstofftilgang til lokale sagbruk og bioenergianlegg.
- Bilvegar
- Ombygging
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Veganlegg som endar i offentleg veg med minstestandard som skogsbilveg klasse 4.

4.4.3 Tilskotsgrunnlag

Statstilskot skal normalt reknast ut på grunnlag av totale anleggskostnader. Tilskot og ytingar frå anna hald skal likevel gå til fråtrekk frå anleggskostnadene (eks. som jordbruksinteresser, kraftverk, hytter o.l.). Eventuell kostnad til veggrunn skal ikkje vera med i tilskotsgrunnlaget.

Utgifter til planlegging kan takast med i tilskotsgrunnlaget Meirverdiavgift inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget.

4.4.4 Tilskotssatsar

På grunnlag av skjema M-016 og andre opplysningar i søknaden fastset Fylkesmannen endeleg tilskot til det enkelte veganlegg. Tilskot til traktorvegar vil som regel liggja i intervallet 30 – 45 %, og i intervallet 30 – 60 % for bilvegar. Berre unntaksvis kan det til bilvegar ytast maksimalt 70 % tilskot. Anlegg i tråd med hovudplan skogsvegar skal premierast med ein noko høgare sats.

4.4.5 Særlege omsyn

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader grunna dette gå inn i tilskotsgrunnlaget.

Der det er behov for å ta naudsynte miljøomsyn, kan ein kompensera for dette med ein noko høgare tilskotssats.

4.5 Vilkår for tilskot

4.5.1 Vegvedlikehald

Tilskotet blir gitt på vilkår om at vegen blir vedlikehalden i den standard den opphavleg blei bygd. Fylkesmannen kan gi dispensasjon frå dette vilkåret dersom vedlikehaldskostnadene ikkje står i rimeleg høve til den nytteverdi vegen har eller vil få. Dersom det oppstår tvist fordi vedlikehaldet blir forsømt, skal den avgjerast ved skjønn; jf. veglova av 21. juni 1963 (§53, §54 og §60). Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven før tilskot blir utbetalt.

4.5.2. Atterhald om bruk av vegen

”Ansatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd”; jf. § 5 i ”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket”.

Det blir tatt atterhald om at vegen, i naudsituasjonar, skal kunna brukast avgiftsfritt av forsvaret, politi, lensmenn, legeteneste, veterinærtjeneste, hjelpekorps mv. Eventuell skade i samband med slik bruk skal det givast vederlag for. Storleiken på vederlaget skal fastsetjast ved minneleg avtale eller skjønn. Ved bruk av vegen til tungtransport må det betalast avgift på lik linje med andre brukarar. Er ikkje avgift bestemt blir den å fastsetja ved minneleg avtale eller ved skjønn.

4.5.3. Omdisponering av veggrunn og dekningsområde

Ein skogsveg med tilhøyrande dekningsområde som har mottatt statstilskot, kan ikkje dyrkast opp eller omdisponerast til andre formål. Fylkesmannen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon.

4.5.4 Særlege vilkår

Tilskot til skogsvegar blir gitt på vilkår at dekningsområdet, eller delar av dekningsområde, til vegen vert nytta til skogbruksformål, og at skogeigar som tek imot tilskot bind seg til i løpet av 8 år, eller unntaksvis 15 år, på eigedommen sin å hogga eit fastsett kvantum skogsvirke til sal eller industriell produksjon, og/eller å planta eit visst areal i løpet av same periode.

Etter forslag frå kommunen fastset Fylkesmannen skogeigaren sine vilkår. Vilkåra skal fastsetjast med utgangspunkt i skogbruksplan, eller etter ei skjønsmessig vurdering. Ved fastsetjing av vilkåra skal hogstkvantum og planteareal til vanleg vurderast med utgangspunkt i heile eigedommen. Areal som inngår som plantevilkår skal teiknast inn på kart og følgja søknaden om tilskot.

Skogeigar som har mottatt tilskot, må i samband med eventuell seinare overdraging eller pantsetjing av eigedommen gjera den nye eigar eller eventuelt panthavar merksam på dei særlege vilkår som knyter seg til tilskotet. Den nye eigaren må gi skriftleg melding til Fylkesmannen om at han tek over vilkåra som er knytte til tilskotet. Dersom uventa tilhøve skulle komma på i vilkårsperioden, kan Fylkesmannen etter søknad frå skogeigaren gi utsetjing med oppfylling av vilkåra for tilskotet.

4.6 Søknad og sakshandsaming

4.6.1 Søknad

Søknader skal skrivast på skjema SLF 903. Søknad om tilskot skal saman med kartgrunnlag, skjema M-016 m.m. sendast om kommunen som gir uttale. Kommunen sender søknaden vidare til Fylkesmannen, som avgjer om anlegget skal ytast tilskot og vilkåra for tilskot.

4.6.2 Rekneskap

Det skal førast rekneskap for vegaanlegget. Rekneskapssamandrag skal fyllast ut på godkjent skjema, M-0011. Utgiftspostane i rekneskapen må dokumenterast med vedlegg. Interessentane sin arbeidsinnsats skal dokumenterast med timelister.

Det blir ikkje gitt tilskot til vedlikehaldsutgifter. Slike utgifter skal difor ikkje takast med i rekneskapssamandraget.

4.6.3 Tilsyn og kontroll

Dersom Fylkesmannen ikkje har bestemt noko anna, skal kommunen kontrollera at vegen blir bygd i samsvar med den godkjende planen og desse retningslinene, før ferdigattest blir utskreven. Resultatet av denne kontrollen skal rapporterast til Fylkesmannen på skjema for resultatkontroll for skogsvegbygging, utarbeida av Landbruks – og matdepartementet (skjema M-0477).

Landbruksstyresmaktene har rett til å kontrollera at vegen blir tilfredstillande vedlikehalden, kontrollera driftsrekneskapen for vegen og bruka dei data rekneskapen inneheld til statistiske formål. Jf. elles pkt. 4.5.1 og pkt. 4.5.2.

4.6.4 Byggjeperioden

Byggjeperioden for ein veg som mottek statstilskot er inntil 2 år. Fylkesmannen kan i spesielle tilfelle forlenga byggjeperioden maksimalt 5 år.

Tilskot som ikkje er nytta innan utgangen av fastsett byggjeperiode vert trekt inn.

4.6.5 Utbetaling

Før tilskot blir utbetalt skal godkjent byggeplan av kommunen leggjast ved første rekneskapssamandrag, jf § 5 i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*. Fylkesmannen utbetalar vegtilskotet gjennom skogfondssystemet etter at rekneskapssamandraget er godkjent av kommunen og Fylkesmannen.

Med grunnlag i godkjende rekneskapssamandrag kan Fylkesmannen betala ut tilskot etter kvart som arbeidet blir gjennomført.

4.6.6 Tilbakebetaling

Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med dei føresetnader som er nemnt i pkt. 4.4 og pkt. 4.5.

Dersom skogeigaren etter utgått vilkårsperiode, som nemnt i pkt. 4.5.4 berre har oppfylt ein del av vilkåra, skal deler av det opphavlege tilskotet betalast tilbake. Beløpet som skal betalast tilbake skal vera i same forhold til det opphavlege tilskotet som den del av vilkåra som ikkje er oppfylt er til dei opphavlege vilkåra.

Beløp som skal tilbakebetalast kan trekkjast inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet. Skogeigaren blir ikkje belasta med renter frå tilskotet blei utbetalt fram til krav om innbetaling kjem. For fleire detaljar sjå § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*

Dersom ein ny eigar ved eventuell overdraging ikkje vil ta på seg dei skyldnadene som er nemnt i pkt. 4.5.4, eller seljaren ikkje gjer ny eigar merksam på desse, pliktar seljar å betala tilbake ein tilsvarande del av tilskotet såframt skyldnadene ikkje er oppfylte.

Ved dødsfall eller konkurs skal Fylkesmannen melda krava sine til buet såframt skyldnadene ikkje er oppfylt.

4.6.7 Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå forskrifta og desse retningslinene, og vedtak gjort i medhald av *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* kan påklagast etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

4.6.8 Ikraftsetjing

Desse retningslinene er sist revidert 12.03.2015 og gjeld frå 1.april 2015.